

Gud, me vil tala um deg liksom barnet vårt hev gjort».

Etter at han i desse tunge tider hadde funne sin frelsar, vart han ikkje trøtt av å vitna um sin frelsar. Ved alle høve tala han um han, og den store glede og usegjande lukke Jesus hadde gjeve han.

Med varm kjærleik arbeidde han i sundagsskulen, som hev vorte til so stor signing for dei mest forkomne i Edinburg. Han vart ogso snart med i det store misjonsskap, som serleg arbeider for å senda lækarar ut som misjonærar til heidningane. Umlag kvar sundagskveld tala han for two tusund menneske. Desse preikone sine heldt han i det skotske frikyrkje-kapell, der prestar og lækmenn tala til folket.

Han var ingen stortalar, men ordi hans var ålvorlege og kraftfulle, dei kom frå hjarta og gjekk til hjarta.

Mange av talone hans vart nedskrivne og prenta som traktatar og spreidde millom folket.

Alle ulukkelege som leid vondt i livet hadde Simpson altid etter beste evne søkt å hjelpe so godt han kunde.

Han såg det som si uppgåve å hjelpe alle som leid vondt, men no dreiv også kjærleiken til Jesus honom til å hjelpe deim åndeleg, idet han ved alle høve søkte å føra deim til Jesus, som aleine kann gjeva ei lengtande, sorgtyngd sjel trøyst, sann lukke og glede.

Sine store inntekter brukte han for ein stor del til å hjelpe alle som trøgt det og leid vondt.

Mange slike trekk kunde forteljast um han.

Denne gudstenar måtte sjølv gå igjenom mykje liding, so han kunde verda reinsa og mogen som ein sann kristen.

Ikkje lenge etter at den eldste

sonen var død, fylgte eldste dotter hans etter broren.

I desse tunge dagar fann Simpson trøyst i Guds ord og ikkje minst styrke fekk han ved å sjå kor glade, fornøgde og med trygg visse borni hans gjekk inn i dauden og heim til Jesus.

I 1870 fekk han sjølv ein färleg hjartesjukdom, som nær hadde teke livet hans. Men sterke som han var, stod han det over, og vel eit par månader etter kunde han byrja arbeida att.

Men so kom sjukdomen endå sterke igjen, og no skyna han, at det gjekk mot dauden.

Guds ord og åndelege songar var hans trøyst og glede.

Då ein ven eingong under eit av sjukdomens sterke ágrip og smerten, var hjå honom, sa han til Simpson, at han liksom Johannes skulde leggja sitt trøytte hovud inn til Jesu bröst ved nattverdbordet.

Til det svara Simpson: «Eg er rædd for at eg ikkje kann det; men ved min Herre Jesus kappe held eg fast.»

Ei liti stund fyrr han døydde, spurde den same ven han: Held du enno fast ved Jesus?

«Ja», svara han med ein glad smil på lippone, og so sovna han trygg og stilt inn.

Ei meng menneske av alle samfundsklassor fylgte han til gravi, ikkje minst arbeidarar og småfolk.

Rike og fatige, høge og låge syrgrude yver denne dugande, hjelpsame og godhjarta mannen, som hadde lindra so mange smertor i sitt liv.

Utanfor den vene by, som han elskar so høgt, kviler hans bein til uppstandelsens morgen.

På den simple gravsteinen hans stend der skrive:

«*Og dog liver eg.*»

Me ser her ein stor og god mann som ein audmjuk varmt truande kristen.

Den lærde, høgt vyrde mann, fann livets høgaste lukke då han bøygde sine kne i hjartevarm tru for Jesus.

Det hender av og til at det vert

sagt at det er berre svake menneske som treng kristentru.

Men studerar me heims-soga, so vil me snart finna at dei fleste støre og gode menn i livet hev yore djupt religiose og truande kristne.

Og kvifor?

Fordi dei hev fylgt den djupaste og finaste trøng i si sjel.

*Trøngen til Gud.*

Og fordi dei i kristentru fann livets sanne meining.

P. M.

### Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,  
Bygdøy, Oslo.

### Solglint

— månadsblad for Norsk vanføresak —

kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidningar um saki frå inn- og utland, forteljinar o. a. Styd vanføresa-ki ved å tinga bladet!

### FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo,

Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.

Fritt og friskt.

### Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

### GOD MAT OG GODT STELL.

### Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telengarden Torget og Haraldsgt. 126  
ved Lærdamnstorget.

### Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen Husbunad i norsk stil.

Stort bladhald.

**STILLE STUNDER** kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingangi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fra sokneprest Barstad, Volda

M. Årfot's prenteverk — Volda.

Ylindluva

Larsen Larvik

der Grimstad



Nr. 15.

25. august 1933.

45. årgangen.

### Det som trengst mest.

Mange meiner at det som trengst mest er pengar og makt, og so slit dei seg i hel etter det, og trakkar kvarandre ned i den føle kappestriden. Det syner best kva dette fører med seg. Det kann gjera gode menneske hardsette og därlege menneske til villdyr. Di meir midlar og makt eit därleg menneske fær, di verre vert han, og di større skade kann han gjera både seg og andre.

Nei, det som trengst mest er kostelegare enn sylvet og reinare enn det raude gull. Det som trengst mest er det som kann skapa eit varmt og godt hjarta, og det er det berre den store kjærleiken som kann skapa i oss. Det er det me treng mest, ikkje minst i den store striden mot folkesynd og urettferd. Sterk og livande kjærleik er livsens største kraft. Denne store kjærleiken er måla for oss so livande og hügtakande, at me aldri burde kunna gløyma det.

Denne kjærleiken gav liv og lukke, lekam og sjel i ein stor stid for å bærga sine fiendar, og skapa dei um til sine vener.

Denne store kjærleiken er det me treng, so me kann få varme og kraft til livsens tunge strid. Det gjev oss mod til å halda ut i dei kalde og myrke dagar, då det ser

### Gjev meg ei rose —

Gjev meg ei rose, gjev meg ho no, med sol over fjelli stroymar; forseint, når eg kviler i siste ro, forseint når gravi meg gøymer.

Gjev meg ein angande blomekrans, med enn eg kann mot deg smila; forseint, når augo har mist sin glans og sloknar i siste kvila.

Syn meg leidi med kjærleg hand, når skodda for utsyni stengjer, den dagen eg når til livsens land, eg treng ikkje hjelpti lenger.

Smil til dei små, som fekk lite sol, dei, som i skuggan vankar. Gjev av din rikdom, gjev deg sjølv, gjev dine varmaste tankar!

SIGNE SAGBERG.

tindrande stjernor i den myrke vinternatt. Der finst ein kjærleik so stor at den elskar alle, den ringaste stakkar like so høgt som det iagrapste flogvit.

Han som kom med den store kjærleiken, vil so gjerne ha alle menneske inn i sin gode heim. Der skal dei alle vera syskin, kva land og folk og tungemål dei kom frå.

Der skal sanning og rettferd ráda, og vald og makt og hemn og hat og sorger og synder for evigt øydast. Der skal djup samkjensle og evig kjærleik binda alle hjarto saman i ein fager syskinring.

Dette er det store livsmål.

Bernt Støylen.

### Bed for andre!

Me kristne gjeng mykje i ring um oss sjølv. Ogso i bønestundene våre. Det er «meg» og «mitt» um morgan og kveld.

Bed for andre! Det er kjærleikens lov. «De skal elsa kvarandre, liksom eg hev elsa dykk». Johs. 15, 12.

Jesus bad for andre! «Eg bad for deg Peter.» — Og i den siste store bøn, som han bad skjærtorsdagskvelden, bed han dei første 5 vers for seg og resten — 21 vers — for andre.

Ja, han bad mest for andre.

Den fyrste bøn på krossen var også ei bøn for andre, og då bad han for dei som hadde slege naglane i hendene og føtene hans.

«Det same sinnelag vere i dykk, som var i Kristus.»

Difor, syster og bror, lat oss beda mykje for andre.

Bed for dine nærmaste. Ja, dei er sjølvsgaet med innanfor din bønering. Men dei andre som bur i huset? Grannane dine og bygdefolket — lat so bøneaugā gå burtum fjelli og utsver landet — ja, til andre land og andre folk.

Bed um vekkjing og frelse for desse. Dei store vekkjingar er som oftast svar på bøn.

Bed for dei sjuke.

Bed for dei gamle og dei fatige.

Bed for enkja som sit med småborni umkring seg i sorg.

Bed for Herrens vitneher, som stend i striden her heime og der ute.

Bed for andre! Ikkje berre so «pro forma.» Som eit gratis avvertissement du hev ståande i tankelivet ditt.

Gjev dei andre rom i hjarta ditt. Då gled du deg med dei glade og græt med dei gråtande — også i di bøn kann du gjera det.

Ein misjonær i Kina hadde fått brev frå Noreg. «Korleis lever dei der heime,» spør ein annan.

«Dei segjer der er «turt». — «Ja, det treng dei ikkje skriva, det kjenner me,» svarar den andre.

— Dei kjenner det i Kina, når me bed for dei.

«Sjå å få nokon å beda for deg» vart nyleg sagt til ein ung mann, som skulde taka til med eit ansvarsfullt arbeid i Guds rike.

Ja, um me kunde det alle som Gud hev sett på dei ansvarsfulle plassar, få nokon som gav oss hjarteplassen i forbøn!

Olav Vikøren.

## Ane Berte.

Ane, gamle Ane Berte hadde det ikkje med å glima for verdi. Med 90 år attum sèg var ho ikkje lenger nokor ungøy heller. — Liti og låg var hytta hennar; men kom du innom i den vesle stova lypte det ein frēd og hyggje deg imete, som eg sjeldar hev møtt so rikt annan stad. Ane Berte var nemleg ein livande kristen, med den ljósaste barnetru. Stødt sat ho og nynnna og song på sine kjære salmar og songar, og det rukkute andletet lypte som ei sol — endå ho ikkje tyktest hava so ljose kvardagskår. Blind var ho og, ikkje so raust med pengar heller — 35 kronor i eit heilt år var alt det ho fekk for det vesle høyet som vaks på plassen hennar. Folk var då sers snilde og gav henne både eit og anna — utan kunde det vel vorte vel läkt med berre dei få kronor til livemåte, sjølv um ho just ikkje sette so store krav til livet. — 35 kronor å liva av i 365 dagar — det laut rasjonerast. Men trur du Ane Berte tyktest hava noko å klaga for, nei då — Gud var kjærleg og god mot henne, og folk var likeins gode mot henne — kva då.... Og slik ein mann ho hadde ått — Gud kvila sjeli hans. — Nei, Ola var makelaus, han.... Ho turka tårone or kvarmen. Men folk som kjende stoda fortalte at Ola, mannen hennar, hadde just ikkje alltid vore so gild mot Ane Berte. Brennevinsflaska skulde ha vore beste venen hans, sagdest det. Og når han var drukken kunde han komma til å gjera ymse, som her ikkje er verdt å nemna. — Den gildastemann på denne jord, det var Ola. Og so song ho med si klare fine røyst. — Kva brydde Ane Berte seg um sektmakeri og all den moderne bibelfortolkning burtifrå det einaste trygge grunnfaste. Nei, på sin gamle slitne bibel hadde ho levit til denne dag, det ho so trygt kunde til ho i siste andardrag hugheilt klengjer seg til krossen. — Dette var gamle Ane Berte — eit

av dei ljósaste og gildaste menneske eg nokon gong hev møtt. Reine feststunder var kvar gong eg fekk høve å vitja henne. Endå ho livde i ringe ytre kår — spreidde ho solljos ikring seg kvar ho ferdast: Vel du gode og trugne tenar, du hev vore tru i det som var lite; gå inn til øeveleg kvild og sela i heimender soli aldri gladar.

Mikkjel Lønning.

## James Simpson.

Uppfinnaren av kloroformen.

James Simpson vart fødd i 1811. Foreldri hans var fatige men heiderlege arbeidsfolk i grevskapet Linlithgow i Skottland.

Simpson var den yngste av mange syskin. Han hadde uvanleg lett for seg, og hadde ei framifrå gløgg evne til å forstå det har lært.

Som gut hadde han mange venner, som sette han høgt, då han stødt var gladværug, trufast og sers god til å leika saman med.

Men staut hug hadde han til å læra og studera, endå foreldri hans vilde han skulde verta bakar.

Han vart sett i lære hjå eldste bror sin, som var bakar i Edinburgh.

Hugen til å studera var so sterk, at han i stille gjorde alt han kunde for å læra meir.

Dei som kjende til dette kalla han for den latinske bakardreng.

Då bror hans vart kjend med det, interessera han seg sterkt for, at James kunde få fylgja den sterke hugen sin. Snart fekk han skipa brorens arbeidstid so, at han fekk tid og høve til å høyra på fyrlesingane ved universitetet.

Ved makelaus trott og under stor saknar dreiv han det til at han etter nokre års studiar kunde taka eksamen som kirurg.

Broren vart aldri trøytt av å stydja han med pengar, og då han fekk eit triårs stipend av staten, løn for eit vitakapleg skrift han hadde gjeve ut, fekk han både råd

og høve å halda fram med studeringane sine.

31 år gammal tok han ein framifrå god doktoreksamén, og vart straks etter medhjelpar hjå den vidkjende og høgt vyrde doktor Thompson, som også var professor ved Edinburgs universitet.

Thompson kjende Simpson sers godt frå han var student og sette han høgt.

Han let snart Simpson få halda fyrelesingar ved universitetet, og den gråhåra Thompson var ofte sjølv tilstades for å høyra på sin unge ven.

Ofte kunde han verta i undring, andre gonger nær sagt skrämd yver dei nye og originale meiningsane som Simpson kom med, og Thompson gav seg ikkje, fyrr han hadde tenkt dei igjenom og yvertyd seg um at Simpson hadde full rett i det han kom med.

Då Thompson vart so gammal at han måtte slutta som lærar ved universitetet og praktiserande lækjar, vart Simpson etter hans tilråding tilsett som professor ved universitetet.

Dette kom brått og uventa for mange, og han fekk mange ovundsmenn, som sjølv hadde meint å ver ta utnemnde. Dei kunde heller ikkje tolka at Simpson, som var yngre enn dei, kom so fort fram og vart vidgjeten.

Det varde ikkje lenge fyrr namnet hans var kjent over heile England; men også i utlandet, både i Europa og Amerika. Frå alle kantar kom det sjuke til han, frå Amerika, Asia og Australia, likeins unge lækjarar med stor lærehug, som vilde læra av han. Mange fekk han lukke til å gjera friske att, mange kunde han berre skaffa lindring i deira lidning.

Han hadde uvanleg sterke helse, so han kunde arbeida seit og tidleg og tola slit og møde.

Ein gong han som student var

med og opererte ei ung kvinne,

gjorde hennar smertesrik eit so

## Smilen.

*Ein smil, eit vensamt ord,  
kor det i sorgi lindrar!*

*Det gjev so tid ei trøyst so stor,  
når kjærleg smil i augo tindrar.  
Det kjennest varmt i hjartegrunn  
eit kjærlegt ord frå venemunn.  
Det hugen kveikte og gav mod  
då ingen deg forstod.*

*Ein smil, eit vensamt ord,  
me likevel so sjeldan gjev.*

*Ja, sjølv um sorgi kring oss gror,  
me heller sjølvisk krev.*

*So mangein sorstygd stundar til  
å få av oss ein vensam smil.  
Ja, mangein gjeng med banesår,  
og ei ein smil han får.*

*So lat ikring oss smil me så  
og milde kjærleiksord.*

*Dei gjev i fatig hjartekrå  
so ofte herleg gror.*

*Ja, lat oss strø med handi full,  
det kostar oss so litt,  
i naud og sorg det dyre gull  
Gud gjorde det so tidt.*

(Etter D-d.)

heile verdi, og alle kappast um å heidra han.

I 1853 tok det franske akademi han upp som æreslem. Den norske konge sende han Olavssordenen, og den engelske dronning gav han titel av baronet. Men trass all hylning og alle ærestitlar, var han som fyrr den stille smålatne mann, alltid venleg og tenestviljug mot høg og låg, rik og fatig.

Simpson som hadde gjeve mange lindring og livsvon og soleis bragt stor glede inn i mange heimar, der sjukdom og lidning gjorde livet myrk, tungt og vonlaust, han fekk sjølv ei maktlaus røynslé av korlike menneskeleg dug, vitskap og viljekraft kann utretta, når ikkje Gud sjølv legg si signing og hjelp til. Menneskeleg hjelp, dug og kunnskap hev sine grensor og synar seg ofte rádlause.

Hans kjære 25 år gamle Jonnie, som han sette høgast av alle borni sine, fekk ein fárleg sjukdom som faren ikkje på nokon måte kunde støgga.

Det gjekk fort nedver med han, døden var viss, ingen ting kunde berga han.

Den sorgfulle far måtte vedgå at all hans dug og store vitskap heringen ting kunde utretta. Men den store sjølelkjar i himmelen kom i den djupe sorg og usegjelege lidning nær hans eigi sjel.

Og den djupaste og såraste sorg i livet vart her som so ofte ortsaki til livets høgaste lukke. Ved sonens sjukseseng fann han Jesus, han som kann gjeva frelse og æveleg liv.

Jonnie hadde funne honom og fyrr han anda ut, hadde han sagt: «A, kor godt det er å tala um Jesus».

Då fall den lærde mann saman med kona si og dei andre borni dei ra på kne framfor den høgt elsa sons dødsseng og bad underleg um at den store sorgi måtte verta middel til å føra dei alle til Jesus.

Han slutta bøni soleis: «Ja, dyrebare Frelsar, Jonnies Gud og vår



grunnen, der det gjeld våre eigne ynskje og hugmål, og istaden overleit det til Gud og bed han um å oppfylla våre ynskje, soframt dei kann æra hans namn. Fyrst Gud og hans æra! Gjer me det på den måten, so lyfter me det mest kvar-dagslege livet og arbeidet upp i ein herlegdom so strålande og rik, som den sjølve Guds englar bur i.

Kunde me liva heilt for å æra Gud, so vilde me alltid liva nær Gud og få hans hjelp i alle høve og alle livets vanskar. Me hev ein fager legende frå det gamle Grekenland, som illustrerer dette so ypperleg.

Den sterke trui på dei gamle gudar åt grekarane heldt på å kolna av og kverva burt i folket. Der vart då utlova ei høg løn til den av landets bilethoggjarar, som kunde skapa den beste stytta av ein gud.

Ein bondegut hørde dette, og prisen som vart sett upp. — Han trudde av heile sitt hjarta på denne guden. Med glødande eldhug og varm kjærleik ynskte han då å kunne laga ei stytta, som var herlegare enn nokor han fyrr hadde gjort av den guden.

Han fann seg ut ei marmorblokk og tok iherdug fatt på arbeidet sitt. Med si sjøls auga såg han eit framifrå vent og hugtakande bilet av den gud han elskar.

Han var for han eit mynster på styrke og venleik. Han arbeidde med stort ålvor; men han vanta kunstnarens dugleik og rovnslor og endå han gjorde sitt beste, so var stytta hans, då ho var ferdig, klumput og stygg. Ho hadde ikkje den fagerdom og det liv, som berre ein kunnig kunstnar kan trylla fram.

Då prisen skulde gjevast, log domarane åt arbeidet hans. Men guden, som såg dette, gjekk sjølv inn i marmorblokki, som var eit kløkjande prov på guten sin varme kjærleik og sterke tru på han.

Han fyllte den klumpute stytta med sin eigen herlegdom og ven-

## JOLESTJERNA.

*Sjå stjerna, som blenker um jolenatt klår!*

*Ho berer god bodskap, at fødd er Frelsar vår.*

*Av Herrens nådeljos det strålar no ned frå opne himmelportar stor gleda og fred*

*Ja, sælt er det sinn, der det ljós fær gå inn.*

*Og medan stjerneloset med bod gjeng yver jord, då stiger frå hogdom eit strålande kor. Og burt ved Betlehem, alt yver hyrde eng, der spesar tusund englar på gull-harpestreng.*

*Å høyrdå ein gong deira jublende song!*

*Sjå stjerna, du sjel som gjeng vill i myrke kveld å, sjå dette ljós av Guds kjærleiks klåre eld.*

*Ei jolegåva gild i stallen er å få so sannt du gjeng til barnet som kviler på strå.*

*Å kom denne jol inn til kjærleikens skjol.*

*Ja kom lat oss fylgia den klåre stjerne-glans, so når me til barnet og finn vår si-gerkrans.*

*På kne for himlens Gud i myrke krubbekrå me skal den dyre perla og øvelivet få. Då fyrt vert det fest med vår Jesus til gjest.*

**JOHANNES BARSTAD.**

leik. — I same augneblinken jamna dei stive, kantute linone seg til den mest fullkomne symmetri, hovudet reiste seg i guddomeleg vyrdnad. Heile den rått tilhogne bilet-stytta fekk høgd og venleik og liv.

Det er berre ei heidensk segn. Men slik gjeng det til røyndar med ein kristen, som i truskap liver med Gud og for Gud, og som ærar han med heile sitt liv.

Han fyllte den klumpute stytta med sin eigen herlegdom og ven-

te kjem då inn i vårt elege kristenliv og giev det høgd og liv og herlegdom.

P. M.

## Kain.

Millom biletet eg såg i Kjøbenhavn i Statens Museum for Kunst, fann eg eit målarstykke av Julius Paulsen: Kain. Aldri hev eg sett eit andlit som viste so stor liding.

Ein gong var han eit lukkeleg menneskebarn. Han leika og log og gledde mor og far. Aari gjekk. Gutten vaks til ungdom og ungdomen mognast til mann.

I denne tidi hadde han lært freistingane å kjenna. Og han tapte som far hans og mor hans.

Hjarta var ikkje reint lenger. Gud høyrdie ikkje bønene og såg ikkje til offeret. Kain vart motlaus og vred og gjekk lenger burt. Misunning i greip med kald hand kring hjarta. Han toler ikkje den som er betre enn han sjølv. Habet logar upp. Han hatar sin eigen bror. «Og då dei var saman på marki, reiste Kain seg mot sin bror Abel og slo han ihel». Kain hevapt. Soga som var eldre enn han tek seg uppatt.

«Eg kjenner deg, eg kjenner deg som ikkje vann. Eg såg din strid, eg veit din veg i skuggeland».

Kain er brodermordar, og spørsmålet kjem: «Kvar er bror din?» Kva hev eg gjort? Samvitet og ansvaret vaknar. Men han er mannen til å tvinga det.

Ein ung mann hadde fått sin part av arven og øydde han i framandt land. Samvitet vakna, og han sa: «Fader, eg hev synda mot himmen og mot deg». Han tilstod. Kain nekta: «Eg veit ikke. Skal eg vakta bror min?» Då vart hjarta hardt.

Men den bannstøtte ropar: «Mi synd er større enn eg kann bera!»

Hjarta er hardt i hatet, men han lid. Lidingi er so sterk at han seger: «Den som møter meg, vil ynkast over meg, og slå meg ihel». Det er trøysti hans at han snart skal døy. Jamvel den nåde vart nekta. Ingen torer røra ved han. Slik stend Kain på biletet, muskelsterk med hendene knytte og augo attletne.

Men sjeli ser syner. Blodet renn, raudt blod som ropar frå jordi. Sjeli vil ropa: miskunn! Men blodet kjøver røysti. Ordet, bøni, voni, dei tri norrone som vatnar livsroti, er døde og burte. Mannen som syna. Sjeli er vonlaus, og vonløysa er helvete.

Ikkje ei von um dauden kann svala. Den einaste svaling han stundar etter er den djupe, djupe stilla i evig svevn; men ingen vil gjeva han henne. Han smakar den verste straff; for han elskar dauden: men han skal liva.

Det finst folk som hev mist livsmodet. Det fortelst at det jamvel kan henda unge. Men det er det verste som kann henda eit menneske, fordi me likevel skal liva æveleg.

Den som elskar all livsens kraft og fagerdom, han gled seg og syng lovssongar når han gjeng inn til evig liv.

Men han som er mett av livet og lengtar etter dauden, etter stilla og gløymsla, han fær sin dom når det lyder: du skal leva i all æva. Sjeli gjeng i all si kvida inn i det store tomromet som heiter åndeleg daude.

Vil me nekta: «Eg veit ikke.»

Vil me tilstå: «Fader, eg hev synda —.»

No som fyrr er vegane two. Den eine fører til øyda, verre enn dauden; den andre fører til livet.

**OTTO HUSEKLEPP.**

## Frelsar frå synd.

Tone: O Fader vår i himmerik. Ein arming, sulka til av synd, so heilt igjenom ille lynd, med beiske ord av hatig munn, med synd på synd kvar dagsens stund, kan tvettast i Guds nådeflod og verta rein i Jesu blod.

Ja den som gjekk frå fall til fall, som stødt vanvyrde Herrens kall, som spotta både bøn og bot, og Heilaganden stod imot, kann finna himmelvegen god og verta rein i Jesu blod.

Ved Jesu kross ei himmeldør er op i idag som fyrr; der henda kann det under stort, at Jesu blod tek syndi burt, og åt den største syndar giv eit hjarta nytt og evigt liv.

Aa syndar; er ho tung di synd, all hugnad, fred og gleda tynd, du kann di byrda leggja ned ved Jesu kross og finna fred, ja, setja fot på rettferds veg. Kom, han hev lækjedom for deg!

EINAR.

## Heilag lidenskap.

Zinzendorf sa: «Eg hev ein lidenskap, Kristus.»

Store ord! Hev du kjent noko av det same, eller er du framand for denne sterke trøst etter å gjera Jesus stor. Dei jublar i himmelsalen yver ein einaste syndar som vender um. Hey du kjent noko av denne evige jubel når du såg ein syndar ved Kristi kross. Hev du vor-te gripen av djup sorg yver å sjå syndarar gå burte frå Kristus. Var

det som dei trakk på ditt eige hjarta når dei trødde Kristi kall under sine føter og vendte seg burt frå Gud? Vart det slik for deg at desse ordi brann i bøn yver dine lippor: Herre, frels deim! Hev du dette so ver redd for å missa det. Det er heilar hug tendra i di ånd av

den guddomelege elden. Denne lidenskapen gjer deg dugande til å vinna menneski for Kristus. Hey du den ikkje so bød um den. Bed i Jesu namn for di skuld og for dei fortapte menneska si skuld.

NILS LAVIK.

## Det største hjartelaget.

Eldste sonen åt det engelske kongeparet, tronfylgjaren, prinsen av Wales, fekk innbjoding til ein dag å vitja eit privat hospital, der det låg 36 menn so ålvorleg medtekne og skamfarne av å ha vore med i krigen, at dei knapt nokonsinne kunde koma seg att.

Prinsen kom, og då dei hadde synt honom rundt, vart han fylgd til døri. Men då stogga han brått og sa: «Det vart sagt, De hadde 36 invalidar. Eg hev berre set 29.»

Dei la ut for honom at dei sju andre sjuke var so fælsleg særde, at av den grunn hadde dei ikkje set inn til deim.

«For deira skuld eller mi?» spurde prinsen.

Det var for prinsen si skuld, vart det svara.

Då kravde han straks å få sjå deim. Han vart førd inn i sjukero-met der dei låg, stogga attmed sensgi åt kvar og sa nokre trøstarord og takka i England sitt namn kvar av mennene for deira sjølvuppo-fning.

Men so stogga han endå ein gong ved døri: «Det er berre seks menn her,» sa han, «kvar er den sjuan-de?»

Dei fortalte honom då at ingen fekk løyve til å sjå honom. Han låg blind og so fælsleg skamfare, at han vilde aldri koma or sengi meir. Denne mannen vilde han sjå og, sa prinsen, og trass at dei som var med honom i fylgjet sa imot, sette han viljen sin igjenom.

Ein av sjukeroktarane fylgde honom då inn i det vesle dimme ro-

ålvorsame gudsordet: «Far ikkje villt! Gud let seg ikkje spotta», Gal. 6, 7.

### Ut i vingarden.

Tone: Vår Gud han er so fast ei borg.  
Du fallne ætt, høyr Herrens kall  
mildt ljomar gjenom verdi!  
Han kallar oss frå synd og fall  
og vonde, ville ferdi.

I myrker ætti går  
med djupe hjartesår,  
og driv i dådlaus draum  
på tidsens stride straum,  
som ber mot tap og tynning.

Sjå, Herrens vingard vidt på jord  
hev naud på yrkesmenner;  
og dragnad mot hans ånd og ord  
so lite ætti kjenner.  
Han ropar etter folk  
til annsam onnebolk  
inni hans aldegard;  
men vondt og rangvist svar  
gjev ætti på hans kalling.

Kor herlegt er det høge kall:  
i Herrens hage yrkeja, —  
der inni andens tempelhall  
få livenes voner styrkja!  
So høyr då Herrens rop  
du yrkeslause hop!  
Di dyre nådetid  
i fåfengd frå deg glid.  
Kom fyrr mot kveld det lider!

Aa, Norigs folk, høyr Herrens kall,  
lyd på hans miskunns minning!  
Du stemmer ned mot avgrunns fall  
i trå mot fåfengd vinning.  
I hildrings skodd du sviv,  
på villferds veg du driv.  
Din Gud er gods og gull,  
og barmen din er full  
av lettlynds tome tankar.

Når Gud oss eingong kallar inn

og løn for liv skal gjeva,  
då vesal winning viss du vinn  
for du med mammon stræva.  
Kvar trulaus yrkesmann  
på andens åkerland  
fær Herrens harde dom;  
men livenes løn og rom  
fær berre fulltru tenar.

JOHAN AUSTBØ.

### Den som sår med gråt.

Den unge forkynnaren sit strående glad. Han hev fenge eit brev i dag. Fyrste gongen han såg den unge mannen som skriv idag, var på eit vekkjingsmøte for mange år sidan. Han bøygde seg på kne attmed sin gamle far.

Sidan synte han seg trufast, varmhuga og evnerik. Men so kom det tunge vrangsette meinhevjet. Den unge mannen som kunde vorde ein av dei fremste i Jesu fylking, hamnar på hi sida. Sist er det komme so langt, at han hev gjort upp sin mening korleis han vil liva utan Gud og døy forutan Gud. Det var mange som gret yver honom, men vår unge mann var modig, og fullt fyresett å røyna sitt mod. Det vart ein strid som skifte med skam og trassing.

Idag sit han på kanten av si grav, broten og bøygd. Han veit at han, når han stig ned i denne myrke jordhola, so skal han få stiga oppatt på palmestrand; men der er skugge yver andlitet hans. — Livet mitt, mitt første frimod og min første kjærleik, evnene mine og livenes mitt, — det ligg att i denne jordhola her. Då bøygjer den unge forkynnaren kne og bed for honom: «Gud lat denne unge mannen ikkje døy, lat honom liva ei liti stund enno. Lat han få hen-

ta nokre evige blomar i eit livenes kje for deg Jesus, eit livenes kje her um det var aldri so stutt. Gud sjå i nåde til oss med den store sorg og lækje du den store livenes kje hjå han som er mitt bønemne, og hev vore det i mange år. Og so må du ha takk du som elskar til det siste.

MATIAS ORHEIM.

### Bladmennaskulen

gjev upplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,  
Bygdøy, Oslo.

### Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i Alveøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidningar um saki frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresa- ki ved å tinga bladet!

### FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve  
av studentmållaga i Oslo,  
Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.  
Fritt og friskt.

### Bondeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegård. 20  
Kaffistova, Torget 6  
Kaffistova, Østervåg 25.  
GOD MAT OG GODT STELL.

### Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126  
ved Landmannstorget.  
Framifrå stell.  
Beste og billegaste matstover i byen  
Husbunad i norsk stil.  
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova nnan utgangen av halvåret. Elles stend tingangi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

M. Arfot's prenteverk — Volda.



Nr. 5.

15. mars 1934.

46. årgangen.

### Lovsong.

Luk. 1, 46—55.

—o—

Maria hadde lært det, som ofte fell oss so tungt å læra: å lovsyngja.

Ho takka Gud og song lovsong til hans æra for alt det gode han hadde gjort og gjeve.

Lat oss læra av Maria!

Var det meir lovsong i vårt kristenliv, so hadde det vore lukkelagare og rikare.

For median me lovsyng Gud og takkar, so veks velgjerningane fyre oss, og det lovsyngjande hjarta tek meir til seg av dei velsigningar, som dei ber i sitt fang.

«Halleluja!

For det er godt å lovsyngja vår Gud, for yndelegt er det, og lovsong høver vel.»

So vitna dei alt i det gamle testamentet om lovsongen.

Kor mykje meir skulde ikkje me skynna oss på lovsong, me, som lever i den nye pakt si songtid.

Kva var det som hadde lagt lovsongen inn i Maria si sjel?

Det var Herrens gjerningar, som ho hadde røynt og set.

Fyrst at han såg til henne, den ringe, i hennar låge stand og gjorde store ting imot henne. Dernæst at hans miskunn er frå ætt til ætt

mot alle, som ottast honom, at han gjer veldugt verk med sin arm til å spreida dei stormodige og støyta dei velduge ned av kongssæte, og til å lyfta dei låge upp og fylla dei hungrige med gode gavor.

Desse rettferds- og miskunngsjerringar fyller hennar sjel med glede og takk.

Og ho let Guds store gjerningar stråla so klårt, at alt det tunge og vesalle, all motgang og meinsemd vert burte i Guds gjernings stråleglans.

Difor lovdyng ho, og lovsongstonen døyver alle klagetonar.

Lat oss læra av dette!

Lat oss sjå meir Herrens store gjerningar for oss og imot oss.

Lat oss tenkja på, kor han hev set til oss, gjort sin frelsande gjerning med oss, teke oss til nåde og velsigninga oss heilt til gjevandet.

Lat oss sjå meir på hans store velgjerningar i det daglege imot oss til likam og sjel.

Og lat oss sjå på alle dei han frelsar og velsignar ikring oss og ut over den vide jord.

So skal hans store gjerningar og fylla vår sjel med glede og takk og me skal meir taka til å lovdyngja vår Gud.

Lat oss venda um frå det utakk-same klagemål som tyner kristenlivet, og venda oss til lovsongen, so

lovsongstonane kunde få makt i sjeli vår!

Mi sjel lov Herren! Amen.

Johannes Barstad.

### Faste.

I den gamle katolske kyrkja tok fastetidi til Oskeonsdag (onsdagen etter fastelavn sundag). Den dagen steig dei botferdige (angrande) og av kyrkja bannstøytte inn i kyrkja berrhovda og med brennande ljos. Biskopen strødde oske på hovudi deira og sløkte ljos i deira og gjorde kunnigt, at dei no ei tid skulde vera utviste av kyrkja liksom Adam vart utvist av Paradis. Ikkje fyrr Skjærtorsdag måtte dei, som vart funne verdige til å verta upptekne, møta fram att berrføtte og med utendra ljos attved kyrkje-døri, og fyrst når dei hadde sunge dei 7 botssalmar, gjekk bispen ut imot deim, tendra ljos i deira og tok deim uppatt.

I den moderne katolske kyrkja er skikken no brigda so, at alle truande oskeonsdag kneler framfor altaret. Oska av dei palmegreiner, som vart vigsla fyrr års palmesundag, vert strødd på hovudi deira, med di presten segjer: Memento homo, quia pulvis es et in pulverum reverteris (kom ihug, menneske, at du er av dust og til dust skal venda attende.)

Me i dei lutherske land hev halde på fåe av fasteskikkane; men di verre, på ein annan kant hev me vore svært lerenæme. Me veit, at alt det som den katolske millommal der hadde av gøgl og karneval og maskor kom fram i dagane fyre fastetidi. Alt av villt og utamt, som ligg loynt i mannanaturi vart sloppa laus i dei dagane. Dei sa som so: onsdag byrjar fasta so long, farvel då mitt liv og mi lyst og min song, Og sydlendingen sitt karnevalsgøgl vart nordlendingen si fastegleda. Her hjå oss hev no mange lag sitt karneval og maskeradebal, og det av reine tankar og gode fyresetningar ein ung mann kann hava, og det ei ung gjenta kann hava i seg av ljos tru på Gud og menneske, ein einaste kveld kann riva ned meir av det enn mange år kan byggja upp.

Er det i røyndi ikkje noko fagert i den gamle katolske kyrkja si botsgonga upp til høgalteret for å få ljoset sitt tendra i fastetidi? Gjev fastetidi vilde uppnya dei gamle botstankar: å koma med audijsjukt sannkjennande hjarta fram for den herren og meisteren, som so i påskfestdagane frå krossen sin og påskesigeren sin evlar å tendra ljoset av von og frelsa i hjarto å læresveinane.

### Tru.

Kristian Henrik Zeller, den velkjende sydtyske barneuppsedaren, vilde eingong gjera klårt for skuleborni sine, kva ordet «å tru» er for noko.

Han las upp joleevangeliet og stana serleg ved ordet: «Dykk er i dag ein frelsar fødd!»

Då han hadde fortalt det herlege evangeliet, so gjekk han ned frå talarstolen, tok sitt sylvir fram og sa: «Eg vil gjeva burt dette ur; den som tek det, han eig det».

Ingen av borni torde taka det. Han gjekk millom pultane og baud fram uret til alle.

### Vårmorgen.

*Soli sprett med morgonraude gyller kringum nut og tind, vekkjer liv i dalar aude, — svarte trolli vart ho bind.*

*Solargull på fjelli fløymer. Våren leikar linnt i lid. Skogen stend so säl og drøymer um ein sumar ljos og blid.*

*I den bjarte morgonglansen fuglar vaknar upp til song. Aai gjeng med ville dansen gjenom dalen djup og trong.*

*Fra dei tusund fuglemunnar tonar stig mot himmelkvælv — strøymer gjenom skog og lundar inn i sjeli lint dei skjelv.*

*Rein er lufti; — sôte angar stig som eim frå friske flor. Bjart det grønkast kringum vangar. Blomar blomer, — livet gror.*

AASMUND RAUNDALEN.

Men ingen tok det.

Endeleg til slutt kom ei liti gjente og tok det.

Det var hans eigi dotter.

Zeller gav henne uret.

No gjekk han upp på talarstolen og sa:

*Akkurat på same måten steller menneski seg. Vår himmelske far byd fram sine herlegaste gavor og goder, men me hev ingi tiltru til han, og er likeglade med skattane hans.*

Zellers dotter kjende far sin og hadde ei bergfast tiltru til han, at han stod ved sitt ord.

Skulde ikkje me hava ei likeso sterk tiltru til vår himmelske far, når han lovar og byd oss so mykje godt?

Hadde me meir tiltru til Gud Fader, so fekk me meir av hans gavor og vart lukkelegare:

P. M.

### Lina Sandell.

Framhald frå fyrra nr.

Songane hennar vitnar um, at ho var vel kjend i bibelen. Det fall difor so naturlegt for henne å nyitta bibelens eigne ord og vendingar. Det er dette som gjev songane hennar slik inderleg kraft. Kjenskapen til bibelen hadde ho frå det, at ho dagleg las i honom saman med faren. For prost Sandell var ein trottug billesesar og talde andre til å gjera det same. Han sa ofte: «Eg les ingen ting so gjerne som bibelen, som er mi åndelege kunnskapskjelda. Der høyrer eg Gud tala til hjarta mitt meir endeframt enn i andre gudelege bøker. Sanningi er der meir konsentrata og der kjener eg ei større kraft».

I 1850–60 åri gjekk der ei vekking yver Sverige. Det nye liv kravde nye uttrykk. Og Lina Sandell fekk nåde til å fylla dette krevet kanskje meir enn nokon annan. Forutan songane hennar kom det nye songar av ymse andre, soleis av C. O. Rosenius (hovudprofeten i denne tidsbolken), Oscar Ahnfeldt, Betty Ehrenberg o. fl. Men den mest flittige å skriva var L. S. Songane hennar vart fort spreidde og sungne av tusund. Grunnen til det var i fyrste radi det gilde innhaldet, men dernæst var det dei fine tonane, som var valde eller også komponera av sovorne musikkunningar som P. N. Stenhammar, O. Ahnfeldt, Th. Söderberg, Albert Lindström, Joel Blomquist o. fl. Det var mest Oscar Ahnfeldt som song deim inn i folkehjarta. I Ahnfeldts åndelege songar er meir enn halvparten av Lina Sandell, anten sjølvstendige eller umsette frå andre mål, serleg frå engelsk.

I bladet «Budbæraren» vart heile 14 av hennar songar offentleggjorde. Imillom desse: «Lefver du det nya livet uti Jesu Kristi tro?», «Blot en dag, et øgonblick i sänder», «Tryggare kann ingen vara», «Närmare til dig», «Bida blott».

Lina Sandell hadde natt rik åndeleig mogning, og skiftande rørslor i det ytre og indre livet hadde ho gjenomlivt. Ho hadde lært å kjenne elegdomen i det forderva menneskehjarta og røynt kor lite eigi kraft strekkjer til. Men ho hadde også på underleg måte fenge smaka Frelsaren si makt og herlegdom og den unemmelege gleda å vita seg etterløyst ved blodet hans. Alt dette kling att i songane hennar og gjorde dei so kjære for kristne.

Fra 1861 vart ho knytt til fosterlandsstiftelsen. Ho vart der assistent hjå sekretæren som då var W. Rudin. Dernæst utførde ho umsetjingar for stiftelsens bokhandel. Seinare fekk ho til oppgåve å revidera songboki «Pilgrimsharpan». Desutan gav ho ut barne- og ungdomslesning. I Stockholm fekk ho høve til å nora sitt personlege kristenliv ved umgjenge med fleire framståande kristne som C. O. Rosenius, prinsesse Eugenie o. fl. I heimen åt Rosenius var ho sers ofte og alltid ein velsedd gjest. Med prinsesse Eugenie kom ho ofte saman i prinsessa si syforeining for kristelege fyremål, t. d. Fjellstedts skule, og i hennar heim for gamle og for forsømde barn på Fridhem på Gotland.

Lina Sandell var ein mykje søkt sjelersyrgjar. Etter at ho i 1867 hadde vorte gift med grosserer Berg, kom hennar krins av kjenningar til å verta utvida. For også han tok del i mange friviljuge kristelege og filantropiske gjermål, serleg sjømannsmisjonen og fråhaldssaki. I sin unelege heim tok dei alltid imot vene og framande med same vensem, og på spøk vart difor heimen deira kalla eit hotel. Som dei sjølve vart rikt velsigna av Herren, so vart dei og til rik signing for andre. Dei gjorde fleire ferder saman, soleis til Finland, der dei lærde Topelius å kjenna, til Noreg, Danmark og Tyskland.

Av Lina Sandells prosaskrifter må ein nemna ein jolekalender ho i

mange år gav ut, «Korsblomman». Dernæst «Bibliotek för kristliga lefnadsteckningar» og «Bilder från Guds rike i lefnadsteckningar», dei siste ialt 36 småbøker. «Barnens Tidning», Sverikes første illustrera barneblad, styrde ho i tjuge år. Saman med mannen sin grunna ho «Barnens vän» og styrde det i 25 år. Til barneliteratur høyrer «Esters sondagsbok», «Söndagsskoleberättelser», «Ur lifvet», «Nytt barnbibliotek» o. m. a.

Ho vart gjennom bøkene sine som ei mor i Israel, elska av tusund på tusund av born yver heile landet, endå ho sjølv var barnlaus. Ho heldt på til dess pennen fall henne or handi. Vinteren 1899 fekk helsa hennar ein ålvorleg knekk ved ei leid influensa, og den 27. juli 1903 gjekk ho heim med eit ord av von og tru på lippone sine.

Kor elska ho var synte seg serleg ved hennar jordferd. Store skarer var møtt fram til eit siste farvel. Ein gripande augneblink var det då den store samling song hennar kjende og kjære song:

«Tryggare kann ingen vara än Guds lilla barnaskara, stjernan ei på himlafästet, fägelen ei i kända nästet.

Herren sine trogna värdar uti Sions helga gårda, öfver dem han sig forbarmar, bär dem upp på fadersarmar.

Ingen nød og ingen lycka skal utor hans hand dem rykka. Han, vår ven för andre vänner sina barns bekymmer känner.

Se han räknar hären alla, som från våra hufvud falla. Han oss föder och oss kläder, under sorgen han oss gläder.

Gläd dig då, du lilla skara, Jakobs Gud skal dig bevara! For hans vilja måste alla fiender til jorden falla.

Hvad han tar og hvad han gifver, samme fader han dock blifver, og hans mål er blott det ena: barnets sanna väl alena».

### Gud let seg ikkje spotta.

I februar 1753 hadde ein høg herre i Raab i Ungarn bode saman ein flokk vene til fastelavsmoro. Millom deim var også krigskommisær Josef Treithofer. Denne mann hadde noko fyrr gjenge yver frå den evangeliske til den katolske trui, og no synte han seg alle stader som ein arg spottar av den evangeliske sanningi. Han nyttar alle høve til å gjera henne til lätt og logje.

Då dei hadde fått seg mat, tok dansen til, og vara til langt på nati. For å auka moroi, fann krigskommisären på å taka på seg klæde, som skulde likna Luther sine. Ein ung adelsmann klædde seg ut som Katharina av Bora.

Soleis tilstalte kom dei inn i dansarstova. Mange folk var også strøynde til for å sjå på.

Han som Luther skulde vera, kom med ei stor bok under armen. Han gjorde kunnigt, at han var komen for å høra skriftemål.

Deretter heldt han ein tale og gav syndernes forlating, og han gjorde det so, at alle sette i å læ. Sist på enda han spottingi si med eit Fader vår. Men då han kom til ordi: «For riket er ditt, og makti» .... fekk han dátteleg slag, fall til jordi, og velte seg kring som ein galen hund. Dei henta lækarar, freista alle råder for å hjelpe honom. Men det var alt det same. Han levde i 11 dagar under føle pinslor. Då gav han upp andi i dette skrämelege tilstand.

Kort etter vart han også sjuk den unge adelsmannen, som hadde forklædd seg som Katharina av Bora. Han døyde i same månad som hin.

Me lærer herav sanningi av det